

Møteprotokoll STYREMØTE FNF Møre og Romsdal

Dato: Måndag 27 aug. 2018
Stad: Vestnes (Rådhuset)
Kl: 1000 - 1300

Sakliste

Frammøtte; May Britt Haukås (SF), Åsa Fredly (NJFF), Åsmund Steen (ÅST), Øystein Folden (NAT), Ingbjørn Bredeli (FNF). Ola Fremo (FNR) meldte fråfall.

Sak 21.18 Godkjenne referat frå styremøte 25 mai 2018

Vedtak:

Styret godkjente referatet frå møtet 25 mai 2018.

Sak 22.18 Status økonomi

FNF sentralt har bestemt å ikkje betale ut driftstilskot til FNF Møre og Romsdal i 2018, noko som vart budsjettert til kr 150 000. FNF Møre og Romsdal betaler driftstilskot til sentralleddet på kr 100 000. Vedtatt budsjett som opna for tilskot til Friluftsråda sitt verdsettingsprosjekt med til saman kr 100 000 let seg ikkje gjennomføre, som følgje av at føresett overføring frå sentralt hald med kr 150 000 fell bort. Følgjeleg må styret gjere ei budsjettendring, slik at ein i så stor grad som mogleg opprettheld andre mål i budsjettet. Før neste årsmøte må vi klarlegge om vi må nå eigenkapital på kr 200 000 utan hjelp, eller om det kan setjast opp eit overføringsbeløp frå sentralt hald for 2019.


Vedtak:

Nasjonal overføring endrast frå 150 000 til 0. Interne møter blir endra frå 65 000 til 15 000. Skjøtselsutgifter kr 52 000 blir redusert til kr 12 000. Det var planlagd eit overskot på kr 111 100 til styrking av eigenkapitalen. Overskotet blir no redusert til kr 51 100. Eigenkapitalen var 1.1. 51 335, og vil ved dette bli 102 435 ved årsskiftet. FNF sentralt har tilrådd ein eigenkapital på kr 200 000. Vi skriv eit brev til FNF sentralt og gjer dei merksame på at når det gjeld driftstilskot for 2019 får vi først vite dette av fylkeskommunen i feb. 2019.

Sak 23.18 Anleggsrådet til idrettskretsen

Vedtak:

FNF Møre og Romsdal er den 8 august 2018 invitert til å sitte i anleggsrådet. Vi skriv eit brev til idrettskretsen og svare at vi vurderer å ta del i anleggsrådet forutsatt innsynsrett i søknadene, at søknadene er vurdert etter naturmangfoldlova samt at møta blir protokollført med underskrifta til deltakarane.



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Sak 24.18 Marin forsøpling i fylket

Naturvernforbundet har lagt opp til ein kontakt mellom lokallag og Friluftsrådet for Aure, Averøy og Midsund, for å klarlegge om ein kan få til gode samarbeidsprosjekt. Friluftsråda har fått midlar til rydding av marint søppel (eigarlaust) i 2018 og har ansatte folk til å handtere dette.

Vedtak:

FNF Møre og Romsdal oppmodar sine medlemsorganisasjonar å støtte opp om aksjonen og ta kontakt med dei to friluftsråda der dette er nødvendig.

Sak 25.18 Kraftutbygging i Møre og Romsdal

Vedtak:

FNF Møre og Romsdal meiner at Nøvedalselva ikkje bør regulerast og støtter Naturvernforbundet si fråsegn til denne saka.

Orienteringssaker: Utbyggingar er i ulike faser knytt til høyring etc; reguleringsmagasin i Ulstein, oppdemming av Instebotnvatn i Vestnes, Gjerdsetvatn i Rauma, Erga i Sunndal. Plan for vindkraft, strategi for å meine noko om desse

Åsmund Steen
Styrelleiar

Ingbjørn Bredeli
FNF-koordinator